



Tracks (vg1)

Produksjonen *Tracks* er todelt: den er både ei danseforestilling om opprør, å vere annleis, outsider; og ein filosofisk samtale etterpå om kva kunst er, og kva eit møte med det ukjende set i gong av tankar. Etter forestillinga møter elevane ein filosof, til ein samtale om elevane si oppleving av det dei har sett og tenkt.

Initiativtakar til produksjonen er **Thea Danielsen Fjørtoft**. Denne forestillinga har tidlegare turnert i Telemark. Med i produksjonen er to dansarar og ein musikar / teknikar, i tillegg til ein filosof / formidlar.

Forestillinga pluss samtalen tek om lag ein time.

Lenkje til Dks-ressurs: <http://sff.ksys.no/produksjon/1026461>

Tracks og læreplanen

Kompetanse mål:

Norsk vg1 / YF:

- bruke norskfaglege kunnskapar og omgrep i samtalar om tekst og språk
- lytte til og vise openheit for andre sin argumentasjon og bruke relevante og saklege argument i diskusjonar
- beskrive og vurdere korleis språk og sjangrar brukast av representantar for ulike yrkesgrupper og i ulike sosiale samanhengar
- tolke og vurdere samanhengen mellom innhald, form og formål i samansette tekstar

Produksjonen vil også vere aktuell for mange fag innan utdanningsprogramma dans og musikk.

Besøksadresse:

Kultur: Storehagen 1B, Førde
Nærings: Fylkeshuset, Leikanger

Postadresse:

Askedalen 2
6863 LEIKANGER

E-post:

post@sfj.no
Heimeside:
www.sjf.no

Telefon:

57638000

Bankgiro:

4212 02 02000

Org.nr :

NO 941 388 841 MVA

Undervisningsopplegg før framsyninga / samtalen:

- 1 Kva er kunst? Skriv to setningar på to minutt om kva kunst er. Diskuter i klassa etterpå.
- 2 Kva gjer du når du møter kunst som du ikkje heilt forstår? Gir du opp, eller prøver du å få noko mening ut av det? Kan det *å ikke forstå*, også vere interessant?
- 3 Sjå på desse fire bileta nedanfor:

Marcel Duchamp: *Fountain* (1917)

Piet Mondrian: *Komposisjon II i raudt, blått og gult* (1930)

Jackson Pollock: *Convergence* (1952)

Banksy: *Napalm* (2004)

Skriv ned det du tenkjer når du har sett bileta, eit minutt per verk. Ta ei runde på ulike reaksjonar i klassa. Sjå og gjerne på eldre, kjende kunstverk!


- 4 Bruk ulike nettleksikon for å forklare ulike uttrykk innan moderne kunst: kubisme, surrealisme, popkunst, minimalisme, konseptkunst.
- 5 Kva er skilnaden på moderne kunst og tradisjonelle, eldre kunstuttrykk, etter di meining?
- 6 Skriv eit lite portrett av ein av dei fire kunstnarane i oppgåve 3. Ser du annleis på bileta når du veit litt meir om kunstnaren?
- 7 Ser vi kunst som er rundt oss kvar dag? Utsmykkingar, kunst på skulen, i nærområdet, i fylket vårt – kva veit du om den? Lag ei liste og samanlikn med ein annan.

Etter forestillinga / samtalen.

- 8 Skriv to nye setningar på to minutt om kva moderne kunst er. Samanlikn desse med dei to setningane du skreiv før forestillinga.
- 9 [Krev ark og fargeblyantar] Teikn nett det du tenkjer no, i abstrakt form. Kva former / fargar vel du?



Marcel Duchamp: *Fountain*, 1917



Piet Mondrian: *Komposisjon II i raudt, blått og gult*, 1930



Jackson Pollock: *Convergence*, 1952



Banksy: *Napalm*, 2004